

Helg og Høgtid

Kyrkjelydsblad for Seljord, Flatdal og Åmotsdal

Nr. 2 – Sommar 2016 – 87. årg.

*Velkomen til pilgrimsvandring
frå Svartdal til Åmotsdal 19. juni 2016*



*Så rider du med presten opp til Åmotsdal en gang
(Mangnus Brostrup Landstad)*

Selg og Sjøgtid

REDAKSJON:

Kyrkjekontoret
Telefon: 480 85 754
Bankgiro: 2711.20.31826
post@seljordkyrkje.no

Opningstider:

Tysdag 09.00-13.00
Onsdag 09.00-13.00
Torsdag 09.00-13.00
Elles treffetid etter avtale.
Kontoret kan være ubemanna pga oppdrag ute.

Kyrkjekontoret:

Sokneprest Dag Harald Undheim
Mobil: 907 78 921
dag.harald@seljordkyrkje.no

Ungdomsprest Petter Jakobsen

Mobil: 909 51 409
petter@seljordkyrkje.no

Kyrkjeverje Jon Svartdal

Mobil: 917 23 967
jon@seljordkyrkje.no

Kantor Keith Griggs

Mobil: 970 09 470
k-griggs@online.no

Sekretær/soknediakon

Svanhild Rui Gustavsen
Telefon: 480 85 754
Mobil: 915 77 011
svanhild@seljordkyrkje.no

Kyrkjetenarar:

Ivar Øygarden
Mobil: 907 84 971
Eilev Eiesland Bjørge
Mobil: 975 45 943

Seljord sokneråd:

Kristine Nystad
Mobil: 466 52 462

Flatdal sokneråd:


Agnes Byberg Skårnes
Mobil: 909 49 415

Åmotsdal sokneråd:

Roar Gjessing
Telefon: 958 67 866

Heimeside:

www.seljordkyrkje.no



Andakt

FINNES GUD - OG KORLEIS ER GUD

Når me tek eit raskt oversyn over den vestlege filosofihistoria, vil me raskt sjå at det er nokre spørsmål som stendig kjem attende. Det er spørsmåla knytt

til Guds eksistens – om Gud finnes, og om korleis Gud er – kva slag eigenskapar har han.

Den eine filosofen har ikkje før svart på desse spørsmåla, før ein ny trekker svara til den førre i tvil.

Også Paulus møtte denne problemstillinga medan han levde og virka. Ein gong i Aten kom han over eit altar med denne innskrifta: «For ein ukjend Gud».

Paulus tok den gongen eit oppgjær med den atenske tankegangen, med disse orda:

For då eg gjekk omkring og såg på heilagdomane dykkar, fann eg eit altar der det stod skrive: 'For ein ukjend Gud'. Det som de tilbed utan å kjenna, er det eg forkynner dykk (Apg 17,23)

Gud er ikkje ukjend – Jesus har synt oss kven Gud er. Gud let seg ikkje bevise ved hjelp av matematikk og logikk. Men Jesus – som er Gud – har synt oss kven og kva og korleis Gud er. Dette vert understreka om att og om att igjennom Den nye testamentet. Allereie i evangelisten Johannes si versjon av joleevangeliet kjem dette klårt fram:

Ingen har nokon gong sett Gud,
men den einborne, som er Gud,
og som er i fanget til Far,
han har synt oss kven han er (Joh 1, 18)

NB! Nytt telefonnr. kyrkjekontoret: 480 85 754

Det same kjem fleire gonger attende ut-
over i Johannesevangeliet – til dømes når
Jesus i kap 14,9 seier til Filip: «Den som
har sett meg, har sett Far».

Hebrearbrevet går mykje langt i si utdju-
ping av dette, når det vert skrive at Jesus
er sjølv avglansen av den allmektige:
«Han er utstrålinga av Guds herlegdom
og biletet av hans vesen» (Hebr 1,3).

Dermed er konklusjonen ut frå Bibelen
ikkje berre at Gud finnes, men og at me
gjennom å studere Jesus kan danne oss eit
bilete av korleis Gud er. Slik Jesus er –
slik er Gud. Dei eigenskapane Jesus har,
speglar dei eigenskapane Gud Fader har.

Jesus er Guds andlet!

Dag Harald Undheim

Kveldsmesser i Seljord sommar 2016



Seljord kyrkje.

På grunn av ferieavvikling 2016, er det
naudsynt å gjennomføre to messer i Sel-
jord denne sommaren på kveldstid.

Dei to messene er 12. juni og 14. au-
gust. Begge messene vert haldne i Sel-

jord kyrkje kl. 18.00. I tillegg til dette
kjem Olsokmesse på Nutheim 29. juli kl.
19.00 (sjå eige omtale anna stad i bla-
det).

Vel møtt!



Organistens spalte

Jeg vil gjerne dele
fagintervjuet med
forskerne Åsne Dahl

Haugsevje og Ole Marius Hylland i Musikkultur 3/2016 om hvordan kirkemusikerrollen har endret seg på 2000-tallet.

*Hva er oppsiktsvekkende med den kirke-
musikalske utvikling på 2000-tallet?*

- Først og fremst er den kirkemusikalske utviklingen preget av et stort estetisk mangfold, i form av sjangre og ulike former for innspilt musikk. En potensielt kritisk, men vanskelig dokumenterbar side ved denne utviklingen kan være at kirke-
musikken samtidig har blitt mer uforpliktende, mindre krevende og mindre villig til å utfordre, både i estetikk og innhold.

*Hva er det som har gitt rom for flere typer
musikkformer i kirkerommet?*

- Utvikling er nok en kombinasjon av en hverdagsliggjort og folkeliggjort teologi, nye artisters spilling av salmer og religiøs musikk og menighetens og folk flest sine endrede forventninger til hvilken musikk som kan brukes i bryllup og begravelse.

*Hva sier kirkemusikerundersøkelsen om
det å være kantor?*

- Mange har anledning til selv å forme innholdet i deler av arbeidet. Samtidig har de fast lønn og tryggere arbeidsforhold enn kunstnere flest. Slik sett kan vi si at kirkemusikerne kjennetegnes av å ha både stor frihet og lav risiko i yrket, noe som må sies å være et stort privilegium. Med tanke på dette er det et paradoks at det er såpass dårlig rekruttering til yrket.

Hvor trykker skoen mest for dagens kirkemusikere?

- Et tidlig funn er at en del kirkemusikere kjenner seg litt alene som fagpersoner i menighetene. De skal samarbeide med kolleger og mange eksterne aktører med til dels svært ulike ståsteder og kompetanser.

Hvordan har kirkemusikerrollen endret seg i løpet av 2000-tallet?

- Arbeidet som kirkemusiker innebærer en bredere og mer flertydig rolle enn tidligere. Kirkemusikerne møtes med krav om bredere kompetanse og flere arbeidsoppgaver.

I hvilken grad rustes kirkemusikere i utdannelsen til å være "tusenkunstner"?

- De fleste kirkemusikerne er grunnleggende fornøyd med kirkemusikkutdanningen. Likevel påpekes det av mange at utdanning er for orgel-orientert. Noen etterlyser mer opplæring i praktisk besifring, spill etter gehør, arrangering og akkompagnering, de ønsker større sjangerbredde og et mer moderne repertoar, og mer vekt på pedagogisk kompetanse.

Kommer vi til å se flere type musikere i stillinger som kirkemusikere i fremtiden?

- Det vi vet er at kirkemusikkutdanningen ikke rekrutterer like bredt som før. Kirkemusikkutdanningen, som tidlig var et valg for ambisiøse musikere, fremstår i dag som et nisjevalg. Hvis denne utviklingen fortsetter, er det sannsynlig at kirkemusikkutdanningen vil produsere færre kunstnerisk ambisiøse kirkemusikere framover, og det kan tenkes at det heller blir færre enn flere typer musikere i kirkemusikerstillingene.

Keith mob: 97009470 epost: k-griggs@online.no

Slekters gang

Seljord

Døypte:

Anne Lene Gåsdaalen Gundersen

Døde:

Edith Hellen Dehli f. 1929

bisettelse Haslum kapell

Helga Slåtta f. 1948

Liv Nystad f. 1948

gravlagt i Kviteseid

Inga Lauvstad f. 1931

Torje Lindstøl f. 1922

Jens Grave f. 1932

Leif Erik Johansen f. 1936

Astrid Ekre f. 1935

Gerda Paula Marie

Hovstø Nærbø f. 1925

Egil Arne Aafloy f. 1950

Margot Aakre f. 1921

Anna Åsheim f. 1929

Helga Bjørge f. 1939

Carl Tidemann

Stavdal Øygarden f. 1936

Lilla Lønnestad f. 1922

Liv Rabbe f. 1926

Flatdal

Vigde:

Marthe Frogner Bekkevold

og Herman Holm

Marit Fuglem og Erik Walberg

Døde:

Per Aasmundsen f. ????

gravlagt i Heddal

Åmotsdal

Døypte:

Eivind Olavson Valhovd

Tårnagentmesse i Åmotsdal



Fire tårnagentar samla ved ljosgloben i kyrkja.

Sundag 3. april 2016 vart det arrangert Tårn- agentmesse i Åmotsdal kyrkje. Svanhild og Kjell Johan hadde ansvaret for messa, saman med Keith og Ivar.

Soknerådet i Åmotsdal sto for det praktiske – kyrkjekaffi og førehandsinnbyding.

Oppslutnaden var god, og ungane viste stor lærelyst. I ei slik messe er det tanken at borna skal kome til kyrkja på førehand og lære litt om den lokale kyrkjebygninga. Mellom anna får dei høve til å gå opp i tårnet, studere døypefonten og lære kva som er meininga med alteret.

Den viktigaste mannen i Noregs historie



Haugianerne av Adolph Tidemand.

Laurdag 16. april 2016 blei det arrangert eit flott seminar på Åmotsdal Grendehus. Seminaret hadde tittelen Hans Nielsen Hauge – mannen som endra Noreg.

Leiaren av Haugeinstituttet Sigbjørn Ravnåsen haldt eit interessant foredrag om Hauge sjølv, og det same gjorde Signe Ravnåsen Hagues betyding for kvinnerørsla.

Sigbjørn Ravnåsen siterte Alexander Kielland i sitt foredrag: *"Større mann enn Hans Nielsen Hauge har vi aldri hatt. Det burde mer og mer gå opp for oss."*

Men Ravnåsen nøyde seg ikkje å sitere Kielland. Han kom i tillegg med følgen-

de sitat at den kjente historikaren Karsten Alnæs: «Hans Nielsen Hauge er en av de mest betydningsfulle personligheter i norsk historie.»

Ein annan kjend historikar – Berge Furre – seier om Hauge at han er å rekne som far til det moderne Noreg.

Sondre Bratland deltok og på seminaret i Åmotsdal – og framførde mellom anna Jesus din søte forening å smake, medan Karl Valhøvd ga oss eit innblikk i Hans Nielsen Hagues vitjingar i Telemark.

Seminaret vart arrangert av pinsemenigheten og soknerådet i fellesskap, og det vart servert rjomegraut og kaffe og kakur.

Klassisk konsert med internasjonale artister



Tirsdag 6. september kl. 19 blir det klassisk konsert i Seljord Kirke med to unge internasjonalt anerkjente artister fra Danmark – Josefine Opsahl på cello og Bjarke Mogensen på akkordeon.

Dette blir en sjelden opplevelse med verker av både Astor Piazzolla, Antonio Vivaldi, J. S. Bach, Domenico Scarlatti og andre klassiske komponister i arrangement for to instrumenter, som best kan beskrives som *"engleorgel og sjelesang"*.

Billetter koster kr. 200 pr. person og blir solgt ved inngangen fra kl. 18:30.

Om musikerne

Bjarke Mogensen hadde sin debut som solist i Carnegie Hall i 2011 som den første skandinaviske accordeonist. Han har mottatt flere utmerkelser fra det danske kongehuset og har blant annet samarbeidet som solist med Kremerata Baltica, Moscow Virtuosi, Det Slovakiske Nati-

onal Orkesteret, DR SymfoniOrkestret, DR UnderholdningsOrkestret, Sjællands Symfoniorkester m.fl.

Josefine Opsahl har studert cello ved Northwestern University Chicago og Det Kgl. Danske Musikkonservatorie. Josefine Opsahl har de seneste årene markert seg som en allsidig og innovativ cellist med fokus på både utvikling av instrumentets univers og det klassiske repertoar. Med sitt ensemble *We Like We* turnerte hun forrige år i Europa og avsluttet med konsert på Roskildefestivalen i Danmark. I klassiske sammenheng spiller hun ofte konserter både som solist og i forskjellige kammerbesetninger, blant annet i Storstrøms Kammerensemble.

Begge musikere har i dag flere CD-utgivelser bak seg og vil i Seljord gi en fantastisk klassisk musikkopplevelse, der publikum får oppleve to virtuose instrumentalister.

Soknerådsmøta haust 2016

Slik ser møteplanen for sokneråda ut haustsemesteret 2016:

Åmotsdal	Flatdal	Seljord
24. august	24. august	24. august
19. september	22. september	20. september
17. oktober	20. oktober	18. oktober
21. november	24. november	22. november

Åmotsdal Sokneråd har sine møte På Åmotsdal Grendehus, Flatdal Sokneråd har sine møte på Flatdal Samfunnshus, medan Seljord Sokneråd har møte på Kyrkjekontoret.

Alle sokneråda har møtetid kl 18:00 – 20:00.

Seljord Kyrkjelege Fellesråd har møte etter behov.

Sprell Levande Gudsteneste i Flatdal



Sundag 10. april vart det arrangert Sprell Levande Gudsteneste i Flatdal kyrkje. Oppmøtet var bra, og det blei delt ut dåpsgåver til 3- og 5-åringar.

Kva skjer på ei Sprell Levande Gudsteneste?


Meininga er at ei slik messe skal vere litt meir familievenleg enn ei vanleg messe. Difor vert det lagd opp til litt uvanleg aktivitet som ljostenning, teikning til dømes med utgangspunkt i dagens tekst, skriving av bønelappar, offer og nattverd med intinksjon. Alt dette skjer i form av ei bønevandring, der kvar einskild kan gå til ulike stasjonar.

Utdeling til 3 og 5 åringar i Flatdal kyrkje. Foto: Anders Kvåle Rue

Skattejakt i kyrkjene våre



Landstads salmebok rygg.



Landstads salmebok signatur.

Som relativt ny sokneprest synes eg at eg kan tillate meg ein og annan skattejakt i kyrkjene våre. Dette har eg gjort – med stort hell.

Ved undersøking av altarskapet i kyrkja i Flatdal fann eg nemleg ei vakker gammal utgåve av Landstads Kirkesalmebog. Boka hadde 1871 som utgivingsår. På fyrste side sto desse orda skrive inn med nydeleg handskrift:

Til Herrens Alter i
Fladdals – Kyrkje
Ved MB Landstad

På bakgrunn av dette gjorde eg tilsvarande undersøkingar i dei to andre hovudkyrkjene våre – Åmotsdal og Seljord. Tilsvarande funn vart gjort i Åmotsdal kyrkje: Same boka med same utgivingsår og med same innskrift av Landstad.

Ved nærare undersøking viste det seg at Seljord

kyrkje har tilsvarande eigedom – men den ligg på Landstadrommet i Seljord prestegard.

I gamle dagar var det streng regulering av kva for bøker som kunne få plass på altaret i kyrkja. Salmeboka var ein av dei bøkene som kunne ligge på Herrens bord. Det er på denne bakgrunn ein må skjønne innskrifta som Landstad gjorde på desse tre bøkene.



Skarsvegen.

Pilegrimsvandring 2016

Velkommen til Pilegrimsvandring søndag 19. juni 2016. Oppstart ved Barstadbrua i Svartdal kl 10:30. Me skal gå i Landstads fotefar frå Svartdal til Åmotsdal – den såkalte Skarsvegen. Undervegs vert det tekst- og diktlesing, meditasjon og salmesong. Vandringa vert avslutta med nattverdmesse i Åmotsdal kyrkje kl 17:00. Ta med mat og drikke. Turen vert leia av diakon og sokneprest.



Mellom alt det M.B. Landstad redda frå gloymsla ved å lytta til folk og skriva ned det han høyde, finst det òg overleveringar om skikkar og tradisjonar knytte til tider i året og viktige overgangar i menneskelivet. Dette er samla i band 3 i serien med Landstad-skrifter. Dette er òg hovudtema for Landstaddagane dette året. Ørnulf Hodne, som har

skrive innleiing og kommentarar til band 3, vil presentera dette stoffet i Landstad-førelsesninga dette året.

Landstad-førelsesninga vert supplert med to andre spanande Landstad-tema: Astrid Nora Ressem presenterer ny forskning om samarbeidet mellom Landstad og Olea Crøger, som både to samla *norske folkeviser*. Ernst Baasland gjev ei framstilling av Landstad som nasjonal strateg med utgangspunkt i nasjonalpoesien hans. Dette vert sett i samband med dei sterke nasjonale straumdraga i Landstads samtid.

Styreleiar Åge Haavik

FOREDRAGSHALDARANE

- **Ørnulf Hodne** er folklorist, dr. philos.
- **Astrid Nora Ressem** er forskningsbibliotekar ved Nasjonalbiblioteket/musikkseksjonen
- **Ernst Baasland** er biskop emeritus, dr. theol.

MUSIKARANE

- **Torunn Räftevold Rue**, Seljord, hardinfeleutovar og gardbrukar
- **Kari Lønnestad**, Bø, kvedar, leiar for Folkemusikkarkivet i Telemark

Prisar:

Konsert fredag kveld: kr. 200,-
Seminaravgift: kr. 400,- fam. mod. 2 for kr. 500,-
Lunsj kr. 330,- og middag kr. 410, Nutheim

Påmelding til seminar laurdag:

K. J. Nenseter, j-nenset@online.no, tlf. 95132489
Seminaravgift sender ein til konto 2711.21.62521,
Nasjonalt Landstadsenter, innan påmeldingsfristen

Påmeldingsfrist: 15. august 2014.

Arrangør:

Stiftinga Nasjonalt Landstadsenter
www.landstadsenteret.no

Overnatting:

Dei som treng overnatting, må tinge dette direkte med hotellet/overnattingsstaden.

Vi anbefaler:

Nutheim Gjesigveri: tlf. 35052143 / 41126560
www.nutheim.no

Uppigard Natadal: tlf. 35065900 / 90606100
www.natadal.no

For andre overnattingstader i Seljord, kontakt:
Møtstad Seljord: 35 05 04 00
www.seljordportalen.no

Takk til Synnøve Grøstad og Ellen Grøstad Barstad for bruk av lokale.

Landstaddagane er støtta av:
Seljord kommune, Fritt ord, Telemark fylkeskommune, Lindemans legat, Sparebankstiftinga Seljord



SELJORD
KOMMUNE



FRITT ORD



TELEMARK
fylkeskommune

Velkommen til Landstaddagane

SELJORD

19.-21. august 2016



N A S J O N A L T
LANDSTAD
SENTER

Landstaddagane 2016

FREDAG 19. AUGUST

- 19.30 Open konsert i Flatdal kyrkje
Billettar kr. 200,-



LAURDAG 20. AUGUST

Seminar i atelieret til Terje Grøstad,
Nuthheim, Flatdal.

- 09.30 Mottak og registrering

- 10.00 Åpning

Landstaddøresinga 2016:

- Ørnulf Hodne:
Gamle skikker i øvre Telemark
- Torunn Räftevold Rue og
Kari Lønnestad framfører musikk
knytt til skikkar

- 12.00 Lunsj, Nuthheim Gjestgiveri

- 13.30 Astrid Nora Ressem:

Olea Crøger og Landstad

- 14.30 Ernst Baasland: Landstad som nasjonal
strateg med utgangspunkt i hans
nasjonalpoesi

- 15.30 Diskusjon, samtale

Presentasjon av Landstadfilmen

- 19.00 Middag, Nuthheim
Sosialt samver, kåseri

SUNDAG 21. AUGUST

- 11.00 Gudsteneste i Mandal kapell
v/ sokneprest Dag Harald Undheim

Kapellet er utsmykka av Kai Fjell, Harald
Kihle, Willi Midelfart og Henrik Sørensen.

Etter gudstenesta: Servering av rjomegraut og
kaffi på uteplassen



Vil tek atterhald om programendringsar





Konfirmantar i Seljord kyrkje, 8. mai 2016: Bak f.v.: Heidi Grue Holth, Bergit Børve Brekke, Levon Tadevosyan, Kristoffer Torsdalen og Malin Gjerlid. Midten f.v.: Elisabeth Nilsen Østensen, Brynjar Heggelund Grave, Karsten Enberget Aanonsen, Anders Slåkvik, Anna Nenseter Jensen og ungdomsprest Petter Jakobsen. Foran f.v.: Celine Ellingsen Forbord, Anne Lene Loftsgarden, Marie Tveit, Anders Tørre Grinaker og Tom André Tveit Bergland.

Øverst neste side.

Konfirmantar i Flatdal kyrkje, 22. mai 2016: Bak f.v.: Ungdomsprest Petter Jakobsen, Vidar Funner, Inge Valhovd. Foran f.v.: Gyda Høydahl, Eskild Westbye Abrahamsen og Julie Andersen Natadal.

Nederst neste side.

Konfirmantar i Åmotsdal kyrkje, 22. mai 2016: F.v.: Ungdomsprest Petter Jakobsen, Anne Groven, Jan Einar Øverbø, Geir Magne Teigland Kleivi og Jonas Herfoss Aase.

Bilda er teke av: Fotograf Jacobsen, Rjukan



Litt om aktiviteten på Flatdal Bedehus

Barnelaget er ein av dei aktivitetene som er på Bedehuset. I tillegg er det føremiddagstreff saman med kyrkja og Sion pinsmenighet.

Det er viktig og halde fram med dette arbeidet, men økonomien er dårleg. Kommunale avgifter, straum, brøyting m.m. utgjør dei største utgiftspostane.

I vår sette vi i gang med basar, mange bedrifter, enkeltpersonar gav oss gevinster og vi møtte stor velvilje rundt i heile kommunen.

Då dagen for basaren kom synes alt vere på vår side, mange kom å hjelpte til med loddsalg og anna praktisk arbeid. Det

strøymde på med folk, born og vaksne. Folk kosa seg med kake og kaffi.

Det var song av born fra barnelaget og Gerd Mæland. Loddsalget gjekk bra og mange fekk fine ting med seg heim.

Vi ynskjer å takke alle som var med å støtta opp med gevinster, arbeidshjelp og kjøpte lodd.

Vil spesielt nevne det gode samarbeidet vi har mellom Sion, kyrkja og Misjonslaget. Dette er ein styrke for kristen virksomhet i bygda som det er viktig å ta vare på.

G.

Festkveld for Aslaug Høydal i Langlim

I 2016 er det 100 år sidan forfattaren Aslaug Høydal vart fødd på Anåskosi i Langlim. Jubileet blir markert på ulike måtar i Seljord, m.a. med festkveld på grendehuset i Langlim 23. september kl. 18.00.

Arrangørane byr på eit variert program med foredrag av Einar Gotehus, diktlesing og musikk.

Det er Seljord mållag, Seljord sogelag, Åmotsdal sogelag, Langlim grendelag og Seljord bibliotek som står bak tilstellinga og dei håpar på fullt hus.

Program og fyldig omtale av arrangementet blir kunngjort over sommaren.




Kyrkja i Seljord si hjemmeside

På same viset som andre verksemdar i samfunnet vårt, har kyrkja i Seljord si eiga heimeside på nett.

Du finn heimesida vår på denne adressa: www.seljordkyrkje.no

I dag finn du litt informasjon om ulike sider av kyrkjelydsarbeidet på denne sida. På sikt vil sida få meir og meir nyttig informasjon – til dømes nytt frå soknerådsarbeida m.m.



Slik ser heimesida vår ut i dag. Biletet på framsida vekslar fortløpande mellom kyrkjene i Åmotsdal, Flatdal og Seljord.

Kva skjer på Misjonshuset til hausten?

Det er mange ulike aktivitetar på Seljord Misjonshus i løpet av hausten, både for born, unge og eldre. Babysang, tysdagsklubb, eldretreff, konfirmantarbeid og misjonsforeining vert arrangert regelmessig, største delen av dette er i regi av kyrkja og soknerådet. Seljord Indremisjon har i tillegg sine faste møte. I haust vil dette bli organisert ved at det vert arrangert møte annakvar tysdag med oppstart tysdag 6. september kl. 19.00. Tema på desse møta vil vera gjennomgang av kyrkja si preiketekst for påfølgjande sundag. Det vil bli innleiing til samtale ved prestar og fritidsforkynnarar frå området. 28.-30. oktober blir det arrangert Bibelhelg med Øyvind Barland (tidlegare tilsett i Normisjon). Fredag 11. november blir den årlege haustbasaren. *Vel møtt på Misjonshuset!*



Diakonens hjørne

*Nå er våren kommet, himlen er så blå,
alle fugler synger, jeg gjør likeså!*

Årstidene skifter, og nå går me mot sommar og varmare tider. Vinteren er lagt bak oss, og ljose fine sommardagar ventar oss!

Søndag 19.juni blir det pilegrimsvandring frå Svartdal til Åmotsdal. Me vil gå i Landstads fotefar den gamle Skarsvegen . Magnus Brostrup Landstad var sokneprest i Seljord frå 1839 til 1849, og hadde ansvar for eit stort og vidt prestegjeld: det strekte seg frå Seljord til Møsstrond, så han hadde mange turar på hesteryggen opp Skarsvegen til Åmotsdal og vidare til Møsstrond.

Me vil rusle turen over Skaret, ha små pauser med tekstlesing, dikt og song, ha tid til å undre oss over natur og busetnad , og kanskje la tankane vandre til tidlegare

tider då presten Landstad reid til gudsterneste, i all slags vør! Me avsluttar pilegrimsvandringa i Åmotsdal kyrkje med pilegrimsmesse kl.17.00. Undervegs vil me ha ei god matpause, så pakk sekken med niste og sitjeunderlag og møt opp ved Barstadbrua i Svartdal 19.juni, så startar vi vandringa kl.10.30. Velkomen til vandring!

Om du ynskjer ein prat med diakonen, er du velkommen til å ta kontakt.
Tlf. 915 77 011 / 480 85 754

Eg vandrar gjerne nokre steg saman med deg, både i sorga og gledes landskap.

Svanhild, soknediakon



Hjarteleg takk for
minnegåva
som vart gjeven ved
Leif Erik Johansen
si gravferd.


*Helsing tilsette ved
Nesbukti pleie –
og omsorgssenter
Somatisk avdeling*

Hjarteleg takk for
minnegåva
som vart gjeven ved
Torje Lindstøl
si gravferd.

*Helsing tilsette ved
Veslestoga
Nesbukti pleie –
og omsorgssenter*

Hjarteleg takk for
minnegåva
som vart gjeven ved
Margot Aakre
si gravferd.

*Helsing tilsette ved
Nesbukti pleie –
og omsorgssenter
Somatisk avdeling*



Bilete lånt frå www.nutheim.no

OLSOKMESSE PÅ NUTHEIM

Olsok – 29. juli - er dagen då me firar at Noreg vart eit kristent land. Etter tradisjonen var det denne dagen Heilag Olav fall i slaget på Stiklestad i 1030.

Olsok er offisiell flaggdag i Noreg, og Seljord kyrkje er opphavleg ei olavskyrkje.

I år innbyr me til olsokmesse i prestegardskapellet på Nutheim – 29. juli 2016 kl 19:00.

Vel møtt!

BABYSANG HAUST 2016



Velkommen til babysang på Misjonshuset i Seljord (like ved ungdomsskulen). Her får du og barnet ditt anledning til å slappe av og kose dykk saman. Me vil synge, le, prate og ete. (Mat blir servert)

Dagen er: onsdag

Tid: 11.30

Datoane er :

24. august, 7. september, 21. september, 5. oktober, 19. oktober, 9. november og 23. november.

VELKOMMEN!

Helsing frå Kyrkja i Seljord
v/Svanhild, soknediakon.

Viss du lurar på noko, ring:

Tlf. kontor: 480 85 754

Mobil: 915 77 011



SELJORDVARMESERVICE AS

www.seljordvarme.no eller ring oss på 35 08 41 00

Påska i kyrkjene våre

I påska hadde me tradisjonell feiring av høgtida i kyrkjene våre. Nokre av messene hadde god oppslutnad, medan andre hadde mindre god.

Programmet spenna vidt – med alt frå friluftsmesse på Myrvoll palmesundag, til høgtidsmesse i Seljord og Svartdal på påskedag. Innimellom var det nattverdsmesse på Nutheim skjærtorsdag, og pasjonsmesser i Manddal og Seljord langfredag.

Oppslutnaden på langfredag kunne nok ha vore betre – her lyt me kanskje sjå om noko kan gjerast til neste år for å betre på frammøtet.



Friluftsmesse Myrvoll Palmesundag.



Høgtidsmesse Svartdal Påskedag. Foto: Anders Kvåle Rue.

Kyrkjeberjespalta

Når vi passerar 1. juni i år har kyrkjekontoret vore lokalisert i nye lokale i eitt år. Det var greitt å få betre plass, og fint å kunna vera med å fylle opp ledige lokale på Brøløs. Den nye soknepresten Dag Harald Undheim er ein positiv bidragsytar til kontorfellesskapet, og prosten Asgeir Sele likeeins. Denne prosten er litt skummel, for han er i gang med å rigge kyrkja i øvre Telemark for framtida, og det er skummelt fordi det medfører endringar. På grunn av det gode lønsoppgjeret for prestane i 2015 måtte bispedømmet vårt kutte 5 prestestillingar, men heldigvis ingen i Seljord no. Nei, i Seljord blir det heller ein auke, -av diakonstillinga, fordi det blei borte ei sekretærstilling i Hjartdal.

Javel? Jau ser du, i Hjartdal hadde same person stilling som 50% diakon og 50% sekretær, og då han mista den eine stillinga blei den andre for lita, og han slutta. Då kom prosten på banen og ville sikre framtidig diakonalt arbeid i Hjartdal og Seljord, og foreslo at i Seljord kan sekretærstillinga på 32% bli erstatta ved fordeling av oppgåvene på andre tilsette, og ved at publikum tingar dåp og konfirmasjon elektronisk via nye dataprogram frå nettsida. Slik kan ein frigjera lønsmidlar så den 30% stillinga som diakonen i Seljord har i dag kan aukast til 50% for Seljord sin del. Ved å slå denne stillinga saman med diakonstillinga i Hjartdal får ein ei 100% stilling som det blir lettare å rekruttere folk til i framtida.

Svanhild Rui Gustavsen er no diakon og sekretær i Seljord, og har sagt seg vil-

lig til å tre inn i denne 100% stillinga. På grunn av hennar ferieavvikling er det mest praktisk at ho startar i stillinga 8. august. Sidan ho no er tilsett i Seljord kyrkjelege fellelsråd, held ho fram med å vera tilsett her etter vertsmode. Kva gjer vi så med den 12%-en vi sparer inn? Den går med til dyre dataprogram, og dessutan har diakonen høgare løn enn sekretæren.

Prosten har også redigert litt på ungdomspreststillinga vår. Han fann ut at ungdomspresten Petter Jakobsen var skreddarsydd til å jobbe med ungdom, og ville at han skulle nyttas fullt ut til ungdomsarbeid. Den eine halvdel av ungdomspreststillinga som Bispedømmet finansierar brukast no til ungdomsarbeid i heile prostiet. Det har ført til at vi har fått eit «interkommunalt» prosjekt kalla «Ønsket og elsket» der ungdomspresten og prosten har teke initiativ til å opprette ei mellombels 30% stilling for ein ungdomsarbeidar i 15 månader frå 01.06.2016. Stillinga er tenkt finansiert med tilskot frå Sauherad, Notodden, Hjartdal, Kviteseid, Tokke, Ulefoss, Lunde, Bø, Fyresdal, Heddal og Seljord kyrkjelege fellelsråd/kyrkjelydar. Seljord sin del av finansieringa av stillinga blir 7,25%. Silje Nilsen Østensen frå Seljord har sagt ja til jobben og kjem til å arbeide i lag med ungdomsprest Petter. Det er derfor naturleg at ho blir tilsett i Seljord kyrkjelege fellelsråd, og kjem til å vera lokalisert på kyrkjekontoret i Seljord når ho ikkje er på farten.

Jon Svartdal

SWECO 

Vekanvegen 10
3835 Seljord
Telefon 35 06 44 44

HVORDAN HAR DU DET
egentlig?



Kirkens SOS 815 33 300

ET MENNESKE Å SNAKKE MED NÅR LIVET ER SOM VERST

**T Nordgarden
Bygg**

Åmotsdalsvegen 1615, 3844 Åmotsdal
Telefon: 95 87 34 62 – nordgarden.bygg@hotmail.com

**ATELIER
ÅASE**

3840 SELJORD
Telefon 350 50 809

SAUM
VEV
TREARBEID
STOFF
GARN

Alt i møblar
BoSenteret as

35 06 53 33

Møbel- og teppeforretning
Postboks 44 - 3835 Seljord

Smarte klær hele året fra
EVELYNS MAGASIN A/S

Seljord - Telefon 350 50 955

MIN SALONG

Damefrisør

Seljord - Telefon 350 50 296

T. TVEITAN A/S

Brøløsvegen - 3840 Seljord
Telefon 35 05 04 86 - Telefaks 35 05 04 90

Aut. Installatør
Dyrud Elektro AS

3840 Seljord Tlf. 35 05 80 80
www.dyrud.no post@dyrud.no

Når du trenger elektriker


elfag




Granvin kulturhus Ba

Minnesamvær

På Granvin kulturhus kan ein ha små og store minnesamvær, ta kontakt med oss.

Nyveg 16 - 3840 Seljord – Telefon 35 06 59 90 – Telefaks 35 06 59 99
epost: post@granvinkulturhus.no – www.granvin.kulturhus.no



Telefon 91 76 76 72

**Ivar Johansen
Seljord**

Gravminner

Navnetilføyer
Omslip og oppussing



STEINRIKET
NORDICSTONE AS

(Tidligere Tjølling Steinhoggeri)

Løveskogen 4 - 3280 Tjodalving - Telefon 33 15 64 64 - www.steinriket.no

BYGGMESTER T.A. GUSTAVSEN AS



TLF. 975 17 817



byggmester@live.no



Flatdal Handlaft as Telemark

3841 Flatdal
Telefon 350 57 005 - Mobil 971 53 661
www.flatdalhandlaft.no





TINNITUS (ØRESUS) og MÉNIÈRE?

Ring telefon **815 68 880** (normaltakst) mandag–onsdag
klokka 19.00–21.30, for mer informasjon om tinnitus og Ménière.
Hørselshemmedes Landsforbund – www.hlf.no



BYGGMAKKER Seljord Elektriske

Postboks 123 - 3835 Seljord - Telefon 350 65 000



seljord

Sparebanken DIN

Lokalbanken i Vest-Telemark
Tlf: 35 06 57 00

www.sparebankendin.no
firmapost@sparebankendin.no



Statoil Service Seljord

Forhandler Kjell Birger Teigen
3840 Seljord
Telefon: 35 05 04 88
Telefon privat: 35 05 05 64
Bankgiro: 2711.05.00179



Funnemark SELJORD A/S

Ny eller brukt bil i alle prisklasser

Telefon 350 65 800 - 3840 SELJORD



**Morgedal
Rør as**

post@morgedalror.no - 35 06 44 55 – Postboks 114, 3835 SELJORD

Aasmundsens Bakeri A.s

FLATDAL - TELEFON 350 65 300

Alt i bakevarer

Vegkyrkje i Seljord

Også i år har vi tenkt å ha såkalla veg-
kyrkje i Seljord. Det vil sei at kyrkja
er open med omvising kvar dag i juli
mellom kl. 11.00 og kl. 17.00.

Det er eit vilkår at vi får tak i om-
visar, og det har vi ikkje i skrivande
stund.



Nutheim
Gjestgiveri

Vi ønsker velkommen
Telefon 35 05 21 43

ALT I INNRAMMING

Ring for avtale
eller stikk innom

Om oss, bilder og kart:
www.rammeforum.com

 **RAMME**
F · O · R · U · M

3840 Seljord
Telefon 35 05 02 10

FØREMIDDAGSTREFF Haust 2016

FLATDAL

Dag: Onsdag Tid: kl. 11.00

Flatdal Bedehus	14. september
Sion	12. oktober
Flatdal Bedehus	16. november
Sion	7. desember

Treng du skyss?

Ring Knut Liestøl 35 05 00 81
*Med helsing Pinsemenigheten Sion,
Flatdal Misjonslag/ Flatdal sokneråd*

SELJORD MISJONSHUS

Dag: Fredag Tid: kl. 11.00

30. september
28. oktober
25. november

Med helsing Seljord sokneråd

STEINMOEN I ÅMOTSDAL

Dag: Fredag Tid: kl. 11.00

17. juni
16. september
18. november

*Med helsing Pinsemenigheten Betel,
Steinmoen Bu – og servicesenter og
Åmotsdal sokneråd*

SION I LANGLIM

Dag: Måndag Tid: kl. 11.00

30. mai
26. sept
28. november

*Med helsing Pinsemenigheten Betel,
Åmotsdal og Åmotsdal sokneråd*



Seljord kyrkje



Flatdal kyrkje



Åmotsdal kyrkje



Mannal kapell

GUDSTENESTER

2. s. i treeiningstida – 29. mai

Seljord kyrkje kl.11.00

Dag Harald Undheim. Dåp
Offer: Blå Kors

3. s. i treeiningstida – 5. juni

Flatdal kyrkje kl.11.00

Petter Jakobsen. Dåp.
Konfirmantpresentasjon.
Offer: Barne- og ungdomsarb.

4. s. i treeiningstida – 12. juni

Seljord kyrkje kl.18.00

Lene Skov Opsahl.
Offer: Menighetsfakultetet

5. s. i treeiningstida – 19. juni

Åmotsdal kyrkje kl.17.00

Pilegrimsmesse. Offer: NMS

Aposteldagen/

6. s. i treeiningstida – 26. juni

Seljord kyrkje kl.11.00

Dag Harald Undheim
Offer: Kirkens S.O.S i Telemark

7. s. i treeiningstida – 3. juli

Flatdal kyrkje kl.11.00

Dag Harald Undheim
Offer: Sjømannsmisjonen

8. s. i treeiningstida – 10. juli

Åmotsdal kl. 12.00

Fjellmesse på Kjos. Dag Harald Undheim
Offer: Kyrkjelydsarbeidet

9. s. i treeiningstida – 17. juli

Seljord kyrkje kl. 11.00

Dag Harald Undheim
Offer: Kyrkjelydsarbeidet.

10. s. i treeiningstida – 24. juli

Flatdal kyrkje kl.?

Dag Harald Undheim.
Offer:

11. s. i treeiningstida – 31. juli

Seljord kyrkje kl. 11.00

Dag Harald Undheim.
Offer: Barne – og ungdomsarb.

12. s. i treeiningstida – 7. august

Inga gudsteneste

13. s. i treeiningstida – 14. august

Seljord kyrkje kl. 18.00

Lene Skov Opsahl
Offer: Normisjon

Vingardssundag/

14. s. i treeiningstida – 21. aug.

Mannal kapell kl. 11.00

Dag Harald Undheim og Åge Haavik
Offer til Landstadinstituttet
Grautfest etter messa

15. s. i treeiningstida – 28. aug.

Seljord kyrkje kl. 11.00

Dag Harald Undheim
Offer: Diakoniarb. i kyrkjelyden

16. s. i treeiningstida – 4. sept.

Flatdal kyrkje kl. 11.00

Offer: Diakoniarb. i kyrkjelyden

17. s. i treeiningstida – 11. sept.

Dyrskuplassen kl. 11.00

Dag Harald Undheim
Song av Korskolen frå Bø
Offer: Kirkens Nødhjelp

18. s. i treeiningstida – 18. sept.

Åmotsdal kyrkje kl. 11.00

Dag Harald Undheim
Sprell Levande gudsteneste
Hausttakkefest. Utdeling av Mi kyrkjebok til 4-åringar
Offer: Barne- og ungdomsarb.

19. s. i treeiningstida – 25. sept.

Seljord kyrkje kl. 11.00

Dag Harald Undheim
Sprell Levande gudsteneste
Hausttakkefest. Utdeling av Mi kyrkjebok til 4-åringar
Offer: Barne- og ungdomsarb.

20. s. i treeiningstida – 2. okt.

Flatdal kyrkje kl. 11.00

Dag Harald Undheim
Sprell Levande gudsteneste
Hausttakkefest. Utdeling av Mi kyrkjebok til 4-åringar
Offer: Barne- og ungdomsarb.

21. s. i treeiningstida – 9. okt.

Seljord kyrkje kl. 11.00

Dag Harald Undheim
Offer: Norsk Lærarakademi

22. s. i treeiningstida – 16. okt.

Inga gudsteneste

23. s. i treeiningstida – 23. okt.

Seljord kyrkje kl. 11.00

Dag Harald Undheim
Offer: Helg og Høgtid

Bots- og bønnedag – 30. okt.

Flatdal kyrkje kl. 11.00

Dag Harald Undheim
Offer: Helg og Høgtid

Allehelgensdag -6. november

Seljord kyrkje kl. 19.00

Me les namna og tenner lys for dei som er gravlagt i Seljord, Flatdal og Åmotsdal sokn sidan sist Allehelgensdag

Atterhald om endringar